

Oslo, 4. juni 2007

Til  
regjeringa  
kommunar  
fylkeskommunar

## **Bind landet saman med eit nett av høgfartsbanar**

**Landsmøtet i Norges Naturvernforbund, samla på Torpo 1.–3. juni 2007, ber den norske regjeringa og landets kommunar og fylkeskommunar om å samarbeide for å få realisert sentrale delar av eit nett med høgfartsbanar innan 2020, og å systematisk prioritere dette framfor ytterlegare investeringar for å auke kapasiteten på europavegar, riksvegar og flyplassane.**

Med tanke på dei store klimautfordringane i Noreg og resten av verda, står ei radikal og fullstendig omlegging av det norske transportsystemet sentralt, og her kan eit nett med høgfartsbanar vera eit av dei viktigaste tiltaka vi kan ta.

Dette vil føre til kraftig nedgang i flytrafikken innanlands og mot Sverige og Danmark, og vil kunne tømme delar av stamvegnettet for langtransport og leggja grunnlaget for ein sterk reduksjon av personbiltrafikken.

For å oppnå dette må vi få eit tilstrekkeleg tett nett som kan binde landet saman, også på viktige transportstrekningar der det i dag ikkje er jernbane.

Dette vil fjerne mesteparten av behovet for vidare utbygging av flyplassane, og redusere behovet for investering og vedlikehald på vegane. Ei slik utbygging vil også redusere talet på ulykker i vegtrafikken.

For Norges Naturvernforbunds sentralstyre



Lars Haltbrekken  
leiar